


Kjerringøy

Kjerringøy ligg ca 5 mil nord for Bodø. Køyr RV 834 til frå Bodø mot Kjerringøy. 30 min og køyre, 10 minutt med ferje. I denne Kjerringøybiten er ei rekke snørenner og ein del is-/miksruter skildra. Det er lite rein isklatring på Kjerringøy, men øya har nokre godbitar å by på som endå ikkje er klatra. Bruk augene og sjå mot tindane!



Misttindane

(Kart 2029IV Bodø)

Misttindane ligg på rekke og rad på nordsida av Mistfjorden. Køyr RV 834 til frå Bodø mot Kjerringøy. Tindane og rennene er lett tilgjengelege frå vegen. 30 min og køyre, 10 minutt med ferje. Dei fleste rennene her er snøklatring/klyving, men nokre har og lengre parti med is og / eller fjell.

1. Grusomme Sveinung..... 3

(Utan skisse). Mats P. Mosti og Bjørnar Eriksrud? påska 1998. 400 - 500m / 40 - 80°. Denne renna kjem opp same stad som "Anything at all", men byrjar på motsett side av Fjærekjerringa. Køyr rundt Fjærekjerringa, renna kjem då tydeleg fram. Start anten opp is (ofte tynn) over klippeparti eller traverser inn til starten av sjølv renna frå venstre mot høgje via bjørkehylle (førstebestigarane gjorde dette). Starten på sjølv renna er smal, men isen blir sjeldan veldig bratt. Etterkvart endar ein opp på snøfelt opp mot toppen. (Det er stort sett mose, ikkje svaberg under!). Flott renne! Ruta krev ein full dag, litt fjellsikringsutstyr i tillegg til snø og istutstyr. Retur som for "Anything at all". Namnet kjem av at Sveinung klatra "Grusomme Toomas" i Moenflåget utan at Mats vart


informert. Dette var takk for sist!

2. Anything at all? miks 4

Sveinung Råheim, Ingjerd Helen Karlsen og Remi Bendiksen 22.02.97. Lang, fin tur i smal renne. Startar midt under den vestre toppen, skrå litt ut venstre etterkvart. Renna gjev 6-8 taulengder eller 400 - 450 meter klatring. 1. taulengde er vanskelegast med eit parti loddrett is i starten og, avhengig av forholda, eit klippeopptak i toppen (grad 4, laust). Deretter langt snøfelt før hovudrenna startar opp med 4 taulengder moderat isklatring (40° til vel 80°, brattast i starten). Etter dette deler renna seg med mange mulegheiter. Rett opp gjev kort klippeopptak (ca grad 4), deretter enkelt til topps (løpande). Ruta krev moderat isutstyr, snøsikringer og ein del fjellsikringsutstyr
Tid: 4-10 timar klatring.
Retur: Storskarrenna, rekn ca 2 timar.

3. Linea alba WI 2-3

Ingjerd H. Karlsen, Bjørn Petter Arntzen og Torgeir Kjus, 17.02.96. Markert renne som deler Fjærekjerringa i eit tydeleg skar. Ca 350 meter snørenne (25 - 40°) og ca 35 m. 70 - 75° is i starten av renna. Renna startar ca 200 moh, sluttar 500 moh. I toppen



passerer ein krasjstaden der 2 F-5 jagerfly styrta i 1972. Krev issikringsutstyr.

4. Nederlaget..... miks 4, WI 2

Torgeir Kjus og Sveinung Råheim 12.3.2005. Renna mellom Linnea alba og Storskaret. Sjølv ruta til venstre for renna via kamin/bak ei blokk via vrient opptak opp på bjørkehylle. Deretter tilbake i renna, ca 30 m lett is før travers ut venstre via rampe. Namnet kjem av at vi alt hadde snudd to gonger denne dagen.

5. Storskaret.....

Grei renne. Renna er ca 350 m., startar 40 moh og endar på 400 moh. Bratnar gradvis frå ca 15° i starten til ca 30° på slutten. Det kan vere litt is midtvegs, men oftast snødekt heile vegen. Muleg retur for dei andre rennene på Fjærekjerringa og for Y-renna og Parallellrennene.

6. Y-renna venstre miks 2

Bjørn P. Arntzen, Ingjerd H. Karlsen og Torgeir Kjus. 17/3-97. Spektakulær renne med alle ingrediensar. Snø, is, brattheit og korridor kjensle. Einestående utsikt heile vegen. Startar ca 300 moh, men i gode sesongar kan ein starte lenger ned ved å klatre ein 25 m lang foss ca 70°. Bortsett frå denne fossen er cruxet i toppen rundt ei stor steinblokk. Denne kan klatrast direkte (ca 4+) eller ein kan klatre på venstre side (grad 2). Renna er elles ca 35° bratt. Krev stegjern og isøks og litt sikringsutstyr ved hard snø. Retur ned Storskaret (best) eller ned renna.

7 Y-renna høgje miks 2-3

Ingjerd Karlsen, Karl Nagy, Remi Bendiksen og Bjørn Arntzen påska 1998. Klatre den høgje delen av renna i toppen. Ein del miksklatring. Krev litt fjellsikringsutstyr i tillegg til stegjern og isøks. Retur ned Storskaret.

8. Prosjekt.....

Korte renner som endar nesten på toppen. Ca 25°-35°.

9. Heimdalstindrenna ca 2

Bjørn Petter Arntzen og Torgeir Kjus mars 1988. Artig renne som startar ca 20 moh. Går i djup kløft og er i lengre parti berre 2 m brei. Korte isparti heile vegen, 25° bratt i snitt. Krev stegjern, isøks og muligens eit par isskruer til cruxet i starten (75° is / 10m).

10. S-renna..... ca 1

Liv Grimsmo, Bjørn Petter Arntzen, Ingjerd Karlsen og Torgeir Kjus 16/3/96. S-renna startar ca 50 moh og svinger seg opp som ein slak S til venstre for sjølv Misttind. Ca 25° bratt i starten, 40° snø i midtpartiet. To meter på det smalaste og ein liten flaskehals som normalt går greitt. Vanlegvis vil stegjern og isøks vere nok.



11. Retur-renna.....

Dette er renna det er vanleg å returnere i etter å ha klatra Misttind sørvest vegg sommarstid. Truleg ikkje klatra om vinteren.

12. Misttind-/Lauksteltindrenna

..... 2
 Renna er jamnt 75° ?? bratt og byr på eit par korte sekvensar på is og klippe. Dette er parti som normalt ikkje krev sikring. Ikkje klatra om vinteren??

13. Lauksteltindekspresen ... ca 2

Liv Grimsmo, Ingjerd Karlsen, Bjørn Petter Arntzen og Torgeir Kjus 16/3-96.
 Flott renne med alle ingrediensar. Cruxet midtvegs byr på ca 10 m 60° is. Elles er renna brattast i topppartiet med ca 40° snø. Renna byrjar i fjøresteinane og endar ca 500 moh. Det er berre den øvste delen førstebestigarane klatra. Krev litt fjell- og issikringsutstyr. Muleg å returnere same veg.

14. Lauksteltindmedaljongen

..... 2-3
 Snørenne med innslag av is og litt miks. Cruxet er ei istaulengde av grad 2-3 midtvegs. Mona Unosen & Torgeir Kjus 8.3.2008

Fjærefossane..... 2

(Utan skisse)
 Rett etter å ha runda Fjærekjerringa kjem du til ei lang rett strekke (Strengen) gjennom eit "sanddynelandskap". Inn til høgre mot Fjærekjerringa kjem det ned nokre korte fossar med is av moderat til desperat brattheit. Parker på ei av avkøyringane langs RV 834 og gå innover ryggane mot fossane. Så vidt ein veit er ein av

dei klatra, den tydelegaste. Denne byr på eit kort bratt opptak, elles kurant isklating til fossen blir til elv og dermed heller uinteressant vidare oppover lia. Ingen klassikar, men fint å gjere ein "kviledag" på Kjerringøy. 20 meter til høgre går ein bratt varinant som ser vanskeleg, men kort ut.



Den høgre, uklatra, fossen under Fjærekjerringa. Sveinung Råheim



Storlitinden, sørvegg

Bildet er desverre tatt på sommaren, likefullt er dette ei fin vinterrute opp sørveggen på Storlitinden.


Tilkomst: Køyr ca 13 km etter ferjeleiet til avkøyring mot Nevelsfjorden/Straumsnes. Køyr ca 9,4 km innover denne grusvegen, parker ved langs vegen. Storlitinden ligg rett i nord.

Sørveggen på Storlitinden.....2

Ruta følger den mest markerte renneformasjonen opp sørveggen på Storlitinden. Anmarsj på ca 1 km gjennom bjørkeskog. Klatringa byrjar med eit 10 m langt isopptak på ca 80°. Deretter snørenne opp til renna gjer ein markert knekk til venstre. Her er eit kort, bratt isopptak, 70-90°. Ein lang travers mot venstre på snøhyller fører inn i topprenna. Denne byr på enkel miksklatring til topps. Retur mot vest. Kjell Eugen Andersen og Sveinung Råheim 29/2-2004

Breitindinden

Trolltind



Trolltinden

927 moh (Kart: Valnesfjord 2029 I)

Historie: Trolltind ble førstebesteget av dansken Carl Christian Hall & Mathias Soggemoen i 1889 som et plaster på såret da de måtte gi opp på Strandåtind. Tinden er relativt lett bestigelig fra syd-øst og fra vest.

- 22. august 1889 førstebestigning Carl Hall & Mathias Soggemoen.
- 1988 første vinterbestigning Torgeir Kjus & Bjørn Petter Arntzen
- 1991 travers av tinden fra vest til øst, fellestur BKK.

Fjelllets karakter: Fjellet har ingen utpregede gode klippevegger. Nordsiden virker gromsete og sydsiden består av store flanker med ur og gress avbrutt av svarte stup. Vest og øst eggene kan gi noe klyving blant forrevne hamre og blokker. Trolltind er et typisk tinderangleområde.

Tilkomst: Kjør fra Bodø til Kjerringøy RV 834. 2 km etter Kjerringøy kirke tar du av til Øyjord. Følg denne veien 8 km til du kommer til Tverbakkan like før Nevelsfjorden. Parker ved vei eller ved gårdene litt inn til høyre. Spør først! Sti som leder til Trolltindvatnet 2,5 km begynner rett etter

den innerste gården.

1. Sørøsteggen.....2

Start opp mellom Breitind og P768. Følger enklaste veg: Gå rundt p768, så ut i sørsida på sjølve Trolltind og opp på sørøsteggen.

Retur: Same veg som du kom opp.

2. Sørveggen.....2

Direktestart på sørøsteggen. Opp renne som starter innerst ved Trolltindvatnet. Cruxet er 10 m 80° is. Vidare rett opp 300 m og så på skrå ut mot høyre til ein hamnar i nedre høyre del av topppyramiden. Sørøsteggen er skavlete. Utstyr: snøanker/snøbolt + 2-3 isskruer og lett sikringsutstyr ellers.


Retur: Same veg som du kom opp, men sannsynlegvis lurt å gå ned via p 768.

Torgeir Kjus & Bjørn Petter Arntzen 1988.

Strandåtindmassivet.

Tilkomst: Køyr ca 20,5 km etter ferjeleiet ved Misten. Du er då ved Låter. Parker på parkeingsplass ved liten bru (Låterelva). I denne føraren er det med ruter på fortoppen til Strandåtind (Vestre Strandåtind) og på Sætatoppen (Låtertoppen).

Type klatring: Strandåtindmassivet byr på store klatremulegheiter både sommar og vinter. Dei store islinjene er ikkje her, men det er fleire is-/snørenner med meir eller mindre store innslag av fjell.



Nepalesia..... is 2 / miks 3


3 TL grad
Torgeir Kjus & Kjell Eugen Andersen, 2/1-1988
Nord-vendt renne mellom Seta-toppen og p811.

Tre taulengder artig klatring på snø og is. Noko klippe i toppartiet, der du dessutan klatrar gjennom et hol i berget. Gode standplassar! Nødvendig utstyr er isskruar og fjellsikringsmidler. Flott rute!

Tilkomst: Frå P-plass ved Låter, gå opp retning

Setatoppen (same som for Strandåtindtraversen). Hald til venstre under nordveggen på Seta-toppen. Ca 1,5 t.

Retur til høgre på baksida av Seta-toppen.



1. Konge for en dag... miks 6-7

500 m/45-90°

Mats Peder Mosti & Remi Bendiksen, 4/3-2000.

Ei bratt, lang renne i fronten av Seta (Låtertoppen). Sjøast tydeleg frå Låter, der ho snor seg rett opp dei bratte bastionane i nordveggen på Sæta. Renna startar opp ei trang kløft. Utgangen av kløfta byr på loddrett kaminklatring med klippe og dårleg snø / is til vanleg. Etter dette (ca 2 taulengder) kjem eit langt, lett snøfelt. I toppen av dette eit bratt opptak på 10 -15 meter. Ved sær gode isforhold kan dette klatrast på is, elles byr det på vanskeleg miks-klatring opp til venstre for "glufsa". Førstebestigarane nytta m.a. "Figure 4" for å kome seg opp (miks grad 6-7). Etter dette er det endå eit par vanskelege miksopptak før det legg seg dei siste taulengdene. Retur ned frå Seta inn under nordveggen på Strandåtinden. Rekn god tid.



Mats Mosti rett før cruxet på "Konge for en dag".
Foto Remi Bendiksen



1. Nøkkelhullet..... miks 4+


1. kjente bestigning (vinter), Torgeir Kjus & Bjørn Petter Arntzen 6/4-1996. Renne er gått sommarstid utan tau.

Ca 400 meter snørenne opp vestkanten av Strandåtinden sin for topp.

Frå parkeringsplassen ved Låter, sikt mot tydelege renner i høgre kant av Strandåtinden. Rennene startar i spissen av ei kjegle. Nøkkelhullrenna er den venstre av dei to, ho startar ca 250 moh. Fyrst ca 200 meter med snø, lett is og litt klippe. Deretter ca 4-5 taulengder snø og mose i retning v-skaret/pinakkel på ryggen. Til høgre for denne pinakkelen er cruxet på ruta, eit hol under ei stor blokk i toppen av renna.

Cruxet på ruta er 4-5 meter opp til dette holet, ca grad 4+/5-. Du kjem då rett ut i sørsida på Strandåtinden. Sit ned og nyt den fantastiske utsikten som openbarar seg. Vidare travers mot

venstre under markert pinakkel (opphav til pinakkel-renna) inn til innsteget på Strandåtindtraverseren. Denne traversen kan by på utfordrande svatravers heilt avhengig av forholda. Retur ned "normalvegen" til Strandåtinden, eller om traversen er guffen, ned renna.



Pinakkelrenna..... miks 2

400 meter snørenne, variernade brattheit (25-40° snø), med lite crux midtvegs og i utsteget. Torgeir Kjus & Bjørn Petter Arntzen 26/3-1996.

Renna går opp Vestre Strandåtinden si vestflanke og toppar ut der Strandåtindtraversen byrjar, rett til høgre for markert pinakkel. Midtvegs smalnar renna inn til ca 1 - 1,5 m. Fyrste crux er forbi ei blokk, kort, men litt kinkig. Lite klippeopptak på ca 10 m med 2+ klatring inn på eggen. Ruta krev 3-4 kiler, 1-2 friends og eit par snøanker. Retur ned renna eller ned normalvegen for Strandåtinden.

Tilkømt: Køyr ca 18 km etter ferjeleiet, parker ved Strandå (grenda under sørveggen på Strandåtinden). Renne startar ca 350 moh oppe i Vestre Strandåtinden.



Sveinung Råheim klatrer pinakkelen på på Vestre Strandåtind. Foto Remi Bendiksen